

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	07.06.2012	062/12	LTA

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Leif Taule	Arkiv: K2-C60 Objekt:	Arkivsaknr 12/1141
--	--	------------------------------

ENDRINGAR I LOV OM FOLKEBIBLIOTEK

Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.03.2012	Kulturdepartementet	Høyring - endringar i lov om folkebibliotek

Saksutgreiing:

Forslag til endringar i lov om folkebibliotek som no ligg føre, er ei oppfølging av St.meld.nr.23 (2008-2009) *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* (bibliotekmeldinga) som vart lagd fram i 2009. I høyringsnotatet er følgjande punkt behandla:

- Harmonisering av lovbestemmingar for folkebibliotek og UH-bibliotek
- Justeringar i formålsparagrafen
- Organisering og drift av bibliotektenester
- Kompetansekravet i folkebiblioteklova § 5
- Fylkesbibliotek – folkebiblioteklova kap. III
- Lovtekniske endringar

Regjeringa sin bibliotekpolitikk er nedfelt i bibliotekmeldinga, og forslaga til lovendringar som vert presentert, skal bidra til å leggja til rette for gjennomføringa av politikken som er lagt fram i bibliotekmeldinga. Det er lagt opp til så små endringar som mogleg i lovteksten, samtidig som det vert gjort ein gjennomgåande lovteknisk oppdatering av lova slik at alle bestemmingar av frivillig karakter vert føreslått fjerna.

Harmonisering av lovvedtak for folkebibliotek og UH-bibliotek

Lånesamarbeidet er ryggraden i eit velfungerande biblioteknettverk. Gjeldande lov heimlar eit samarbeidande biblioteknettverk, men dette gjeld berre folkebibliotek. Lånesamarbeidet mellom folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek er tufta på rettleiande retningslinjer og dette samarbeidet fungerer godt. Departementet meiner at det ikkje er grunn til å regulere dette samarbeidet i lov.

Justeringar i formålsparagrafen

Formålsparagrafen har stått uendra sidan 1985, og den inneheld dei viktigaste elementa for å sikre alle fri tilgang til informasjon, kunnskap og kultur. I bibliotekmeldinga (St.meld.nr.23) vart det fremja forslag om å justere formålsparagrafen for å tydeleggjere biblioteket si rolle som møtestad og aktiv formidlar. Det var og framheva at brukarperspektivet må vere sentralt i utviklinga av dei digitale tenestene til biblioteket.

Departementet meiner at formålsparagrafen må justerast, slik at den og reflekterer biblioteka sitt formidlingsansvar og møteplassfunksjon. Vedtaket bør vere teknologinøytralt for å gjere det klart at informasjon og kultur i alle format skal vere del av bibliotekenestene.

Organisering og drift av bibliotekenester

Departementet slår fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Dei meiner og det er viktig at lova sikrar at kommunen er fri til å organisere bibliotekenestene sine på den mest hensikts-messige måten. Dagens bestemmingar legg allereie til rette for alternative samarbeidsformer.

Kommunen bør stå fritt til å fastsetja reglement for eiga bibliotekdrift innanfor folkebiblioteklova sine rammer. Det vert difor føreslått å fjerne setninga: *veiledende retningslinjer som departementet gir for bibliotekdriften* i § 4, siste ledd

Kompetansekravet i folkebiblioteklova

Departementet skriv i høyringsnotatet at: *Behovet for kompetente biblioteksjefer har vært og er fortsatt vurdert som meget viktig. Biblioteksjefens oppgave er å legge til rette for en mest mulig samordnet og helhetlig bibliotekstjeneste. Kravet til fagutdanning skal også bidra til effektiv ressursutnytting og sikre lokale basisfunksjoner i et nasjonalt nettverk.*

I bibliotekmeldinga (St.meld. nr.23) er det understreka at god bibliotekfagleg kompetanse er eit berande element i utviklinga av gode bibliotekenester. Ut i frå denne vurderinga har departementet utforma to alternativ:

Alternativ 1. Behalde kompetansekravet i folkebiblioteklova, men fjerne dispensasjon der kommunen ikkje får kvalifisert fagutdanna søkjar.

Alternativ 2: Fjerne kompetansekravet i lova, fastsetje funksjonskrav i forskrifta.

Departementet meiner at bibliotekfagleg kompetanse i folkebiblioteka er grunnleggjande for å sikra gode bibliotekenester, og på denne bakgrunn rår departementet til at ein held fast på kompetansekravet (alt. 1). Den generelle dispensasjonsordninga vert føreslått fjerna.

Fylkesbibliotek

Folkebiblioteka har god nytte av fylkesbiblioteket som rådgjevar og for å kunne delta i ulike utviklings og kompetansetiltak. Departementet meiner det regionale leddet er viktig for å få til ei god forankring av den statlege bibliotekpolitikken. Vidare vert det understreka at: *Dersom fylkeskommunen skal kunne yte god, relevant veiledning både til kommunen som bibliotekteier, og til folkebibliotek og skolebibliotek, er det viktig at fylkeskommunen har bibliotekfaglig kompetanse på ledernivå.*

Departementet føreslår å fjerna ein god del av lovteksten kring fylkesbibliotek, men held fast på at fylkeskommunen skal ha bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå til å gjennomføre fylkeskommunale bibliotekoppgåver som gjennom lova vert knytt til rettleiing og utvikling, samt regionale bibliotekoppgåver.

Lovtekniske endringar

Departementet har nokre tekniske endringar som dei ønskjer å gjennomføre slik som bibliotekenester for spesielle brukargrupper, reglement for folkebibliotek, samarbeid med skular og særlege statstilskot.

Vurdering:

Rådmannen har drøfta saka med biblioteksjefen og ser positivt på at departementet følgjer opp St.meld.nr.23 Bibliotekmeldinga med desse framlegga.

Rådmannen har ikkje særlege merknader til departementet sine framlegg under punkta om Harmonisering av lovvedtak for folkebibliotek og UH-bibliotek, Justeringar i formålsparagraf, Organisering og drift av bibliotekenester og Kompetansekravet i folkebiblioteklova.

Når det gjeld Fylkesbibliotek har Fylkesbiblioteket i Hordaland har vore til stor støtte og hjelp i utviklinga av biblioteksamarbeidet i Nordhordland som no rundar 20 år. Fylkesbiblioteket har ein viktig funksjon i rettleiingsarbeidet, kompetansehevingstiltak, kurs og samlingar. Det er difor viktig at fylkesbiblioteket sine funksjonar vert styrkt gjennom eit tydeleg lovkrav om kva bibliotekoppgåver fylket skal ivareta, og at oppgåvene vert knytt til fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, også for bibliotekfeltet. Det må her leggjast vekt på utviklings-arbeid som kan bidra til å styrkja folkebiblioteka og stimulera til samarbeid mellom dei på tvers av kommunegrensene for å utvikla tenestene som biblioteka kan yte. I denne samanheng er det svært viktig at kravet om bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå i fylkeskommunen vert oppretthalde slik departementet gjer framlegg om.

Når det gjeld lovtekniske endringar er det er nemnt fleire endringar, som har liten effekt for kommunale bibliotek, men det er grunn til å stanse ved framlegget om å ta vekk § 6 *Samarbeid med skoler*. Det er ikkje noko tilsvarande krav i opplæringslova for skulebiblioteka og det vert no opp til kommunen å lage samarbeidsavtalar ut i frå lokale tilhøve. I mange kommunar vert ikkje skulebiblioteka nok prioritert, og det vil difor vera viktig at kommunane får i stand gode samarbeidsavtalar på dette området.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune støttar Kulturdepartementet sine framlegg til endringar i lov om folkebibliotek.

07.06.2012 FORMANNSKAPET

Etter drøftingar i formannskapet vart det gjort slikt samrøystes vedtak

FS-062/12 VEDTAK:

Radøy kommune støttar i hovudsak Kulturdepartementet sine framlegg til endringar i lov om folkebibliotek, men har følgjande merknad når det gjeld kompetansekravet.

Radøy kommune er i utgangspunktet samd i kompetansekravet, men registrerer at det ikkje alltid er like lett å oppfylle. Det bør difor gjevast opning i lova for tidsavgrensa dispensasjonar. Vidare bør det setjast inn tiltak for å gjera bibliotekutdanninga meir tilgjengeleg, og det bør vurderast om andre tilstøytane fagutdanningar kan godkjennast som fagleg leiar for bibliotek.